

Kontakt Ulstein kulturskolen

Rektor: Astrid Dagestad.

E-post: astrid.dagestad@ulstein.kommune.no

Tlf. rektor: 70 01 77 70

Tlf. kontor: 70 01 77 73

Tlf. personalrom: 70 01 77 72

Mob.nr.: 48999416

Postadresse:

Oppvekstkantoret, 6065 Ulsteinvik.

Besøksadresse:

Ulsteinvik barneskule, 3. etg.



Kulturskolen

Kulturskolen har same skulerute som grunnskolen, dvs. same fri- og feriedagar som skulane.

Avvik frå denne kan oppstå ved skulestart i august, og ved kulturskolen sine prosjektframføringar.

Elevane får melding om opptak før sommarferien.

Skulepengar

Kostnadene med å gå i kulturskolen er for tida kr 2.000,- pr. år (kr 1.000,- pr.halvår), søskenmoderasjon 20%.

Instrumentleige, kr 400,- (kr 200,- pr.halvår).

Materialkostnader, kr 312,- (kr 156,- pr.halvår).

Kommunestyret kan endre skulepengesatsane i skuleåret.

Instrumentutleige

Kulturskolen har fiolar i varierende storleikar, fløyter, klarinettar og saksofonar til utleige i avgrensa antal.

Ønskjer du å leige instrument? Skriv det i merknadsfeltet på søknadsskjema, eller ta kontakt for informasjon.

Elevane/foreldra og kulturskolen

Påmeldinga er bindande for skuleåret dersom eleven får plass. Ved særskilte høve kan elevar slutte til nyttår etter skriftleg søknad til oppvekstsjefen.

Faktura vert utsendt frå økonomikantoret, haust og vår.

Kulturskolen kan avlyse timar ved sjukdom 3 gonger pr. skuleår, utan å redusere skulepengane. Ved avlysingar meir enn 3 gonger pr. skuleår, vil skulepengesatsane verte reduserte.

Venteliste

På enkelte av aktivitetane kan det verte venteliste. Kriteria for opptak frå ventelista er: søkjedato, alder på søkjar og ei totalvurdering frå rektor og faglærar.

Tilbod i kulturskolen

Kulturskolen har tilbod på følgjande disiplinlar:

Kulturførskule	4 år før 1. aug.
Fiolin	frå 6 år
Blokkfløyte	frå 6 år
Trekkspel	frå 8 år
Alle blåseinstrument	frå 8 år
Song/vokalgrupper	frå 8 år
Gitar	frå 8 år
Piano, keyboard	frå 7 år
Dans/ballett	frå 6/10 år
Kreativ verkstad	frå 8 år

For å starte opp kulturførskulegrupper er vi avhengige av minimum 6 påmeldingar i kvar krins.

Ein må ta atterhald om at ein til ei kvar tid har kvalifiserte lærarar.

Dans/ballett

Ein kan melde seg på klassisk ballett (frå 6 år) og jazzballett (frå 10 år).

Kreativ verkstad

Omfattar biletkunst og kunsthåndverk der vi arbeider med ulike material som m.a måling, grafikk, leire og glas.

Samarbeid med grunnskulane

Kulturskolen og skulane samarbeider om ulike prosjekt eller meir ordinær musikkopplæring.

Samarbeid med kor og korps

Kulturskolen samarbeider med korpsa og har mykje av opplæringa.

Korpsaspirantar melder seg på til korpset i sin skulekrins.

Barnekor og skulekorps kan kjøpe dirigenttenester frå kulturskolen.

Meir informasjon får du ved å kontakte rektor.

Aktivitetar/arrangement

Kulturskolen skipar til fleire konsertar gjennom året - t.d. «månadens konsert», musikkonsertar, orkesterkonsertar, kyrkjekonsertar, skulekonsertar osv. Elevane er ein vesentleg del av dette, og må rekne med å delta i desse konsertane som ein del av si utvikling, men sjølvstøtt frivillig.

